



**Dei store oppgåvene
løyser vi best saman!**



**Alver
Arbeidarparti**

Gode veljar og innbyggjar i Alver kommune

Alver Arbeidarparti vil ha eit Alver for alle, med små skilnader og like moglegheiter. Kandidatane våre er motiverte for rolla som ombudsfolk for innbyggjarane i kommunen og dei har god kunnskap om heile kommunen vår.

Vi vil ha eit Alver som stiller opp for innbyggjarane, som spelar på lag med frivilligheita og er ein god kommune for etablering av næringsverksemd og utvikling av arbeidsplassar. Det er i fellesskap vi finn dei gode løysingane på kommunen sine oppgåver.

Vi vil at Alver kommune skal vera ein god arbeidsplass for sine tilsette og at vi i lag utviklar og styrkjer kommunen sine tenester. Det er no i kommunevalet du kan påverka korleis din kommune og ditt lokalmiljø skal utviklast. Nytt deg av din røysterett, di røyst er viktig for lokaldemokratiet.

Godt val!

Nina Bognøy
Ordførarkandidat Alver Arbeidarparti



Program Alver Arbeidarparti 2023-2027

Samfunnsutvikling

Alver Arbeidarparti skal vera pådrivar for å utvikle lokalsamfunn der vi løyser oppgåvene i fellesskap, der vi tar vare på kvarandre, og der det er trygt å leva i alle livsfasar. Vi ønskjer ein balansert vekst, i takt med utbygging av barnehagar, skular, omsorgstilbod og kulturtilbod.

Alver kommune har ein tredelt senterstruktur; kommunesenter, lokalsenter og nærsenter. Alver Arbeidarparti vil utvikla kommunen etter denne modellen.

Alver Arbeidarparti vil:

- **Ta heile kommunen i bruk og leggja til rette for vidare vekst og utvikling**
- Vidareutvikla lokal- og nærsenter med utgangspunkt i lokal identitet og i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel og godt planarbeid
- Ha oppdaterte områdeplanar for lokalsentra
- Sikra bustadmiljø og offentlege arenaer med gode kvalitetar som legg til rette for tilhøyrse og gode og trygge opplevingar
- Nyttta Alver tomteselskap som eit verktøy i sosial bustadbygging, m.a. etablering av springbrettbustadar og «leige til eige»
- Arbeida for at Alver kommune i større grad har sjølvråderett over strandsona, gjennom at heile kommunen blir kategorisert i områdevurdering 3 i statlege retningslinjer for strandsoneforvaltning
- Arbeida for at kommunalt eigde grønt- og friområde kan overførast til sameige eller velforeiningar der det er naturleg
- Arbeida for realisering av nasjonalpark i området Masfjordfjella
- Verna om landbruk i drift og ta vare på matjord og viktige utmarksbeite
- Vera pådrivar og delta i bygging av bustader for personar med funksjonsutfordringar som er planlagt saman med bebuar og deira nærpersonar

Oppvekst

Ein god barndom varar livet ut, og alle barn fortener og har rett på ein trygg barndom. Alver Arbeidarparti vil ha sterke lag rundt det enkelte barn, og vi ønskjer at Alver kommune skal vera ein føregangskommune i arbeidet for barn og unge.

Tidleg innsats er avgjerande for at alle barn og unge skal bli vinnarar i eigne liv etter sine føresetnader.

Alver Arbeidarparti vil:

- **Innføra kunnskapsheving på tidleg kartlegging for barn med utfordringar og tidleg hjelp på tvers av alle instansar**

Barnehage

Ein god og trygg oppvekst varer heile livet. Målet til Alver Arbeidarparti er at alle barn skal veksa opp i tryggleik, same kven dei er, kor dei kjem frå og korleis familien deira er sett saman.

Alver Arbeidarparti ønskjer å leggja til rette for gode og trygge barnehagar og sikra at barn i heile kommunen skal få tilbod om barnehageplass, uavhengig når på året dei er fødd.

Alver Arbeidarparti vil:

- Innføre fleire teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, for å stimulera til auka grad av supplerande opptak gjennom barnehageåret
- Oppretthalda full barnehagedekning

- Arbeida for kompetanseutvikling for dei tilsette i barnehagane
- Sikra god overgang mellom barnehage og skule
- At vidare utbygging av barnehagesektoren skal vera kommunal
- At barnehagane skal ha fokus på eit godt og næringsrikt kosthald

Skule

Alle barn, uavhengig av bakgrunn og funksjonsnivå, skal sikrast like vilkår for utdanning. Alle har same rett til å få utvikla evnene sine. Dette klarar vi best ved at alle går i ein god, offentleg fellesskule. Kvalitet i skulen oppnår vi med gode og mange nok lærarar, godt skulemateriell, miljøarbeidarar og ei god skulehelseteneste.

Alver kommune skal vera ein god skuleeigar som vektlegg ein framtidsretta offentleg skule for alle. Vi ønskjer skular der alle blir sett, der alle får delta og der elevane står i sentrum. Eleven si læring er hovudmålet på alle nivå, og det er viktig å skapa trygge skulemiljø som motverkar mobbing og tek i vare alle elevar. Barna er den viktigaste ressursen vår og dei må ha tilgang til den beste arenaen for fagleg og sosial læring og utvikling både i skulen og i sine nærmiljø. Det er avgjerande å ha nok tilsette i skulen for å kunna tryggja elevane og sikra gode læringsmiljø

Alver Arbeidarparti vil:

- **Arbeida for å auka talet på miljøarbeidarar og helsesjukepleiarar i skulen, og etablere ein strategi for miljøarbeid i skulen**
- Arbeida strukturert og målretta for å sikra elevane sitt psykososiale læringsmiljø gjennom styrka innsats mot mobbing, utanforskap og einsemd
- At det skal byggjast ny ungdomsskule på Frekhaug
- At Alver kommune skal utarbeida ein skulebruksplan med tanke på å investera i skulebygg for framtida og sikra godt læringsmiljø
- Sørgja for kompetanse hos dei tilsette som sikrar at elevane får eit fagleg godt tilbod
- Leggja til rette for godt samarbeid mellom heim og skule
- Heva kompetansen på funksjonsutfordringar i skulen, både når det gjeld skuleangst, moglegheiter for tilrettelegging, utforming og samarbeid med skule og heim
- Tryggja eleven i overgangen til vidaregåande skule på ein måte som motverkar fråfall
- Innføra søskenmoderasjon ved overgang mellom barnhage og SFO
- Innføra gratis bind og tamponggar på ungdomskulane i kommunen

Fritida til barn og unge

Alver Arbeidarparti vil:

- Ha god samhandling mellom kommunen og dei frivillige aktørane for å sikra eit trygt og godt oppvekstmiljø for barn og unge
- Ha fokus på tilbod til uorganisert ungdom og styrkja ungdomsklubbane
- Satsa vidare på tilbod som BUA for å sikra at alle barn og unge kan delta i aktivitetar på fritida
- Sikra lågterskeltilbod der alle kan delta uansett funksjonsutfordringar, både fysiske og psykisk

Inkludering og integrering

Alver Arbeidarparti meiner at alle må få moglegheit til å ta del i Alversamfunnet. God integrering rører ved Arbeidarpartiet sine grunnverdiar, solidaritet og fellesskap. Vi meiner at kommunen skal leggja forholda til rette for at alle innbyggjarar skal få delta i samfunnet uavhengig av den enkelte sin bakgrunn og fysiske og psykiske føresetnader. Alver

Arbeidarparti vil ta imot, busetje og integrere så mange flyktningar vi vert bedne om og har kapasitet til å ta imot.

Alver Arbeidarparti vil:

- **At Alver kommune skal vera ein inkluderande og raus kommune med ei aktiv rolle i mangfalds- og integreringsarbeidet**
- At frivilligsentralane skal ha ei aktiv rolle i integreringsarbeidet
- At introduksjonsprogrammet skal ha fokus på norskopplæring gjennom arbeidspraksis, til dømes gjennom Gründersporet
- At den einskilde flyktning skal raskt ut i arbeid
- Arbeida for at krava til universell utforming vert oppfylt i reguleringsplanar på ein slik måte at ein sikrar inkludering både i uteareal, tilkomst og i bustadar og bygningar
- Ha eit høgt fokus på universell utforming i tett dialog med interesseorganisasjonane

Helse og omsorg

Alver Arbeidarparti vil at Alver skal vera ein kommune som fremjar god folkehelse. Vi vil ha ei sterk, offentleg helseteneste som gjev kvar enkelt den hjelpa dei treng gjennom førebygging, tidleg innsats og gode tenester. Tenestene skal organiserast og byggjast opp i tråd med innbyggjarane sine behov. Vi skal vera framtidsretta i helsearbeidet vårt, og ta i bruk nye løysingar og ny teknologi for å gjera kvardagen enklare for folk som treng hjelp og støtte.

Faste, heile stillingar i ei omsorgsteneste med kompetente fagmiljø, skal gjere Alver til ein attraktiv kommune å arbeida i for helse- og omsorgsarbeidarar.

Førebyggjande helsearbeid på alle nivå er viktig for å redusera behovet for seinare helsehjelp. I det førebyggjande arbeidet er faktorar som trivsel, tilhøyrsløse, møteplassar, frivillige enkeltpersonar og organisasjonar avgjerande. Alver Arbeidarparti meiner dette skapast best i lokalsentra med gode nærmiljø og gode oppvekst- og levevilkår.

Alver Arbeidarparti vil:

- **Sikra at barn og unge har eit lågterskeltilbod for å førebyggja psykiske og sosiale utfordringar**
- Fokusera på kompetanse, vidareutdanning og fagleg utvikling for å kunna sikra kvalifisert personale og tilfredsstillande bemanning ved alle tenesteområda
- Sikra fagleg utvikling og satsing på spesialiserte tilbod innan eldreomsorg, rehabilitering og lindrande omsorg
- Sikra kompetanse på funksjonsutfordringar, psykisk og fysisk i helse og omsorg frå vogge til grav i eit heilskap perspektiv
- At du, i størst mogleg grad, får den helsehjelpa du treng nær der du bur
- Sikra eit heilskapleg tilbod til ungdom som har behov for psykisk helsehjelp
- Sikra at tilboda i helsehjelpa til innbyggjarane er kunnskapsbasert
- Gje oppsøkjande, samtidige og heilskaplege tenester til menneske med alvorlege psykiske lidningar
- Støtta opp om initiativ frå ideelle organisasjonar som tilbyr aktivitetar og møteplassar for utsette grupper, ungdom, eldre eller andre som har behov for dette
- Styrkja helsestasjonen for ungdom inntil 25 år som òg inkluderer psykisk helsehjelp
- At kommunen skal, i tråd med oppvekstreforma, ha ein plan for førebyggjande arbeid og tidleg innsats innanfor rus, psykiatri og kriminalitet
- Vidareutvikla aktivitetsbasert avlastning for barn og unge med særlege behov
- Utvikla tilbodet med heildøgns omsorgsplassar
- Styrkja dagtilbodet til eldre og personar med demens
- Sikra at god og næringsrik mat framleis vert laga lokalt på sjukeheimane våre
- Arbeida for å styrkja jordmortenesta
- Oppretthalda dei kommunale legesentera

- Vera pådrivar for å oppretthalda dei fylkeskommunale tannklinikkane
- Gje alle inntil 25 år tilgang til gratis prevensjonsmiddel, dette inneber p-piller, hormonspiral og p-sprøyte

Næring

Arbeid til alle er alltid jobb nummer éin for Arbeidarpartiet. Eit sterkt næringsliv, medrekna primærnæringane, er hjørnesteinane i kommunen og eit viktig grunnlag for ein levande kommune. Alver kommune skal vera aktiv i samhandlinga med næringslivet for å etablera og utvikla både private og offentlege arbeidsplassar i Alver kommune og Nordhordland.

Alver Arbeidarparti vil:

- **Stimulera til varierte yrkesmoglegheiter og fleire lærlingplassar innan ulike næringar**
- Sørgja for gode næringsareal for etablering i heile kommunen
- Medverka til at statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar vert nytta best mogleg i næringslivet
- Arbeida for at kraftlinekapasiteten vert bygd ut slik at regionen kan få tilført meir kraft for å sikra nok fornybar energi til næringsutvikling til Mongstadområdet.
- Arbeida for at produksjon av blått hydrogen eller ammoniakk vert lagt til Mongstad og regionen
- At Alver kommune skal vera ein aktiv eigar i dei selskap der kommunen er eigar
- Oppretta eit utviklingsfond for bedrifter som vil satsa på grøn omstilling
- Samarbeida og visa fram den berekraftige utviklinga i havbruksnæringa i Alver kommune gjennom god dialog med aktørane
- Medverka til at næringslivet i Alver legg til rette for at alle får delta i arbeidslivet uavhengig av fysiske og psykiske barrierar

Energi, klima og miljø

Å avgrensa klimaendringane og utvikla berekraftige samfunn er den største utfordringa i vår tid.

Dette får konsekvensar òg for den lokale politikken. Alver kommune skal ta sin del av arbeidet med å kutta klimagassutsleppa. Vi skal vite kor mykje vi skal kutta, kva vi skal kutta og korleis vi skal kutta. Vi kan ikkje gjera alt, men saman kan vi få til mykje!

Alver Arbeidarparti vil:

- **Seia nei til vindkraftindustri på land, med unntak for mindre anlegg i større eksisterande industriområde**
- Bruka moglegheitene byvekstavtalen gjev oss for styrking av kollektiv og utvikling av trygge gang- og sykkelalternativ
- At solcellepanel og andre alternative energikjelder skal etablerast ved nybygg og rehabilitering av eksisterande bygg der forholda tillèt det
- At regjeringa finansierer heving og fjerning av kvikksølv frå U-864 ved Fedje
- Arbeida for at energieffektivisering skal bli meir tilgjengeleg for vanlege folk
- At Alver kommune skal innføra klimabudsjett og klimarekneskap
- At kraft frå havvind vert ført i land på Mongstad
- Arbeida aktivt gjennom eigarskapet for oppgradering av Eviny sine vasskraftverk
- Innføra ein kommunal strandryddedag
- Arbeida for at Alver kommune skal setje i verk tiltak mot plastforureining med mål om å verta ein plastfri kommune
- Etablerer ein ombruksstrategi for kommunen
- Bruka innkjøpsordningar og anbudsprosessar i arbeidet med å nå klima- og miljømål
- Montera panteringar på bosspann i kommunen

Kultur, idrett og frivillig arbeid

Kultur

Alver kommune har eit variert kulturtilbod, ikkje minst grunna ein stor innsats i dei frivillige organisasjonane. Alver Arbeidsparti ønskjer at det mangfaldige kulturlivet skal ha gode vekstvilkår og at alle skal få høve til å utvikla seg og oppleve at kommunen ønskjer å satsa på dei. For å sikre eit godt kulturtilbod har kommunen eit særskilt ansvar for å leggja til rette for kulturlivet. Eit godt kulturtilbod skapar trivsel og tilhøyrsløse for alle innbyggjarane, uansett aldersgruppe.

Alver Arbeidsparti vil:

- **Styrka kulturskolen og arbeida for at fleire får plass og alle skal få tilrettelegginga dei treng for å kunna delta uansett bakgrunn**
- Støtta opp om kulturarbeidet som vert drive av frivillige lag og organisasjonar og styrka kulturlivet med gode tilskotsordningar
- Arbeida for lokalisering av et regionalt kulturhus i Knarvik og arbeida for å realisera det innan 2030
- Leggja til rette for at lag og organisasjonar skal ha tilgang til tenlege øvingslokale og framføringsstader i heile kommunen
- At Alver kommune samarbeider tett med Kulturrådet og gjennomfører faste dialogmøte
- Vidareføra ordninga med følgjekort i Alver kommune utan aldersavgrensing

Idrett og friluftsliv

Frivilligheita er ein viktig beregjelke i Alver kommune som gjev innbyggjarane ein betre kvardag og gode lokalsamfunn, ikkje minst innan idretten. Vi vil sikre areal i bygdene for leik og fritid, idrettsanlegg og turløyper i kommunen sine planar.

Alver Arbeidsparti vil:

- **Leggja til rette for e-sport**
- Sørgja for gode tilskotsordningar for både kommunale og private idrettsanlegg. Driftsstøtta til dei private anlegga bør vera like stor som det kommunen brukar på dei kommunalt eigde anlegga
- Støtta arbeidet med planlegging av nye bygg og anlegg i kommunen
- Arbeida for at frivillige lag og organisasjonar har fritak i leiga av dei kommunale anlegga
- Stimulera arbeidet med å leggja til rette for turløyper, skogsløyper og friluftareal, òg for personar med funksjonsvariasjonar
- Arbeida for gjennomføringa av Alverbadet
- At Alver kommune samarbeider tett med Idrettsrådet og gjennomfører faste dialogmøte med frivilligheita
- Utvikla friluftsområde i kommunen, i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd og frivillige lag og organisasjonar
- Arbeida for ei tomt/eit lokale til Nordhordland Røde Kors

Arbeid- og arbeidsgjevarpolitikk

Alver kommune skal vera ein god arbeidsgjevar, med attraktive arbeidsplassar og eit trygt og godt arbeidsmiljø. Trygge og motiverte tilsette gjev dei beste tenestene til innbyggjarane.

Vi vil arbeida for å få på plass ordningar som sørgjer for kompetanseheving for dei tilsette.

Alver Arbeidarparti vil:

- **Arbeida for å hindre konkurranseutsetjing og privatisering av offentlege tenester**
- Sikra og styrkja samarbeidet med partane i omstillings-, teneste- og kvalitetsutviklingsarbeid
- Innføra Noregsmodellen for eit trygt og seriøst arbeidsliv
- At Alver kommune skal vera ein god arbeidsplass der ein får fagleg utvikling med høve til å ta vidare- og etterutdanning for å sikra best moglege tenester for innbyggjarane våre
- Innarbeida ordningar, òg økonomiske, som mogleggjer relevant kompetanseheving for tilsette.
- At kommunen skal vera med på ei lærlinggarantiordning i samarbeid med dei andre aktørane i regionen
- At det skal vera minst tre lærlingar per 1000 innbyggjarar i kommunen, og etablera program for 3- og 4-årige lærlingløp i kommunen
- At faste og heile stillingar skal vera hovudregelen i Alver kommune
- Vera aktiv i likestillings- og integreringsarbeidet og arbeida mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet
- Vidareføra og vidareutvikla ressursbank/vikarpool i eigen regi
- At kommunen skal tilby fleire tilrettelagde arbeidsplassar for dei som treng det
- Arbeida for gode overgangar for å sikre ferdigutdanna lærlingar fast stilling
- At kommunen ved kjøp av varer og tenester skal sjå til lokale næringsverksemder. Verna verksemder skal om mogleg prioriterast

Samferdsel og kollektiv

Det er viktig at Alver kommune har eit tenleg vegnett og god kommunikasjon, dette er ein føresetnad for busetjing, næringsliv og arbeidsplassar i heile kommunen. Vi vil arbeida for å utvikla kollektivtilbodet til og frå kommunen, men òg internt i kommunen. Det er viktig å vektleggja vedlikehald og opprusting av dei kommunale vegane, samstundes som vi er pådrivar for auka vedlikehald på fylkesvegane.

Alver kommunen skal søkja å nytta seg av Miljøløftet for å styrka kollektiv, gang- og sykkelvegutbygging og utbetringar for kommunen sine innbyggjarar.

Alver Arbeidarparti vil:

- **Arbeida for at ny E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset (Nordhordlandstunnelen) blir realisert så snart som mogleg**
- **Arbeida for å oppretthalda snøggåten mellom Nordhordland og Bergen, og auka talet på avgangar**
- Arbeida for eit betre kollektivtilbod i heile kommunen, og arbeida for eit ringbusstilbod og fleksible transportløysingar i kommunen
- Arbeida for å byggja ut innfartsparkering på ulike stader i kommunen
- Sikra betre vilkår for mjuke trafikantar og realisera fleire gang- og sykkelvegar
- Betra vedlikehaldet på kommunale vegar
- Leggja til rette for trygg og universell framkomst i kommunen
- Støtta arbeidet for å auka talet på ferjeavgangar over Fensfjorden
- Arbeida for å byggja ut den digitale infrastrukturen i kommunen, gjennom mellom anna å søkja på Nkom-midlar
- Arbeida for at fylkesveg 57 mellom Knarvik og Mongstad får tilbakeført status som riksveg

Våre kandidatar

Kandidatnr.	Namn	Fødselsår	Bustad
1	Nina Bognøy	1971	Alversund
2	Pål Inge Fosse Hopland	1986	Seim
3	Margrethe Storheim	1972	Sæbø
4	Ståle Juvik Hauge	1965	Alversund
5	Anne Grete Eide	1960	Rosland
6	Noah Sellevoll	2005	Knarvik
7	Tone Marit Ø. Dyrkolbotn	1991	Knarvik
8	Pål Adrian Clausen Ryen	1988	Knarvik
9	Astrid Namtvedt Sylta	1955	Isdalstø
10	Kjell Idar Vangberg	1959	Alversund
11	Beate Steinsvik	1971	Alversund
12	Bjørn Ove Myking	1951	Hordabø
13	Ragnhild Kirkeluten	2004	Alversund
14	Are Nygård	1964	Flatøy
15	Silje Nilsen	1981	Skodvin
16	Roar Kjetil Mikkelsen	1976	Alversund
17	Anne Julie Hetland	1967	Eikanger
18	Morgan Taule	1964	Sæbø
19	Hege Kristine Mjelde	1966	Lindås
20	Arve Skjellanger	1971	Manger
21	Liv Berit Rath	1961	Knarvik
22	Dag Hugaas	1965	Seim
23	Vivian Grethe Sande	1958	Grasdalen
24	Leidulv Brunborg	1947	Knarvik
25	Jannicke Helland	1977	Manger
26	Rolf Hansen	1961	Vestbygd
27	Kristin Fjeld Arvidson	1972	Alversund
28	Rune Seim	1952	Seim
29	Mette Bøe	1973	Alversund
30	Øyvind Oddekav	1968	Sagstad
31	Christina Løtveit Fosse	1974	Alversund
32	Øystein Vikebø	1948	Rosland
33	Mette Marei Træland	1960	Alversund
34	Terje Hugo Aarvik	1957	Knarvik
35	Catherine Bakke Ulvik	1974	Sagstad
36	Vegard Hagen	1973	Knarvik
37	Björg Tveiten Skiftesvik	1959	Manger
38	Per Terje Engedal	1971	Rosland
39	Grethe Wencke Sjøiland Sæthre	1943	Flatøy
40	Matias Jonas Gravdal Toskedal	1995	Alversund
41	Patricia Apablaza	1963	Sagstad
42	Eirik Valle	1984	Seim
43	Harald Strømsnes	1942	Myking
44	Berit Kvalvik	1931	Manger